



8 var på treninga ikveld og 4 av dei hette Myklebust. Foran sit frå venstre Helge Myklebust, Roar Musland, Trond Myklebust og Endre Myklebust. Bak står, frå venstre, Tor Øystein Myklebust, Tommy Eidsvik, Jan Evald S. Såtendal og Stian Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er vel eit halvt år sidan vi sist skreiv om old boys-gjengen som var i trening på Heio og vi formidla ei oppmoding om at fleire måtte bli med.

No vinterstid trener gamlegutta i Aktivitetshuset, men oppmodinga er like aktuell: Bli med og ha det moro!

I kveld møtte det fram 8 og frammøtet har variert mellom 6 og 12 i det siste. Det er med andre ord sterkt varierende.

Treninga går føre seg kvar torsdagskveld mellom klokka 20.45

og 22 og sjølv om det er seint er det er eit ideelt
tidstrom ettersom mange er lenge på jobb.

Heller ikkje i den seinare tid har gamlegutta frå Uskedalen funne nokon
som dei kan spela kamp mot, men fleire av dei var med i romjulscupen på
Husnes - i forskjellige lag.

Lause drøftingar om ein fotballtur til England har heller ikkje vorte
til verkelegheit - førebels.

Av Ola Matti Mathisen